

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 Fylke: Sør-Trøndelag
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Støren
 Emne: Lauving Bygdelag: Haukdalsgrenda
 Oppskr. av: Jens Haukdal Gard: Haukdal
 (adresse): Snøan st. G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Det meste etter forteljing av husmor Kari J. Hugdal, Snøan 60 år.

A

SVAR

1.

Lauvinga her i grenda og bygda elles er av dei ting som no er så å segja gått heilt av bruk. Lauvet blir ikkje rekna som årvisst forslag korkje i vanlege år eller i uår. Her i grenda vart det ikkje teke lauv under siste krigen

2.

Det var vanlevis i håballen at lauvinga gjekk for seg, men mange bruka også å lauve etter slåtten. Ein sanko da lauv av rogn, selje, bjørk og older. Arbeidet vart kalla "å tå løv" (med tjukk ø) Når ein rispa lauvet med handa kalla ein det "å resp løv"

3.

Det reidskapet som vart bruka var vanleg øks øg så lauvsigd. Lauvsigden var laga av gammal, utslipa ljà. Noko serreidskap til å bøygja ned greinene med hadde dei ikkje. Noko lauv vart lauva som rispelauf. Noko til å verna handa med under arbeidet hadde ein ikkje.

4.

Lauvinga her i grenda gjekk for seg på den måten at trea vart hogne ned. Dei andre spørsmåla under punkt 4 kjenner ein ikkje til her.

5.

Rispelaufet bruka kvinnfolka å rispa med handa og samla i eit stort forklø som dei hadde på. Når det var fult tømde dei lauvet i sekker.

Kjervelaufet vart reist saman innåt store tre og tørka der. Hessjing eller stauring av lauvet er ikkje kjend her. Alle bruka her å samla "løvkjørvan" i hus. Stacking har ikkje vore bruka. Dei ande spørsmål under pkt. 5 er ikkje kjende.

6.

Lauvet vart frakta heim så snart det var tørt nok til det øg lagra på lemman saman med det andre foret. På gardane vart lauvet køyrd heim, men på husmannsplassane var det for det meste å bera det heim i børtauget. Når ein bar lauvet kunne ein klara 5 - 7 kjørvar alt etter storleiken og tørleiken.

7.

Lauvet tok ein både i innmarka og i utmarka. Karane gjekk da først og hogg trea ned. Kvinnfolka kom etter og skar lauvkvistane av og "kjørva" det. Det fortelles om eit kvinnfolk her som greide å ta 75 kjørva på ein dag, men det var også rekord.

8.

Som før nemnt vart lauvet frakta heim og lagra saman med det andre foret. Oftast hadde ein fast lauvstål. (Stålet er nemninga for roma på lemnen der foret var lagra)

Det var for det meste sauene og geitene som fekk lauvet. Vanlegvis fekk dyra lauv ein gong for dagen. Nok mål på kor mykje dei skulle ha kan ikkje segjast sikkert. Det vart no lagt oppi noen kjærva.

9.

Rogn- og selje lauv vart rekna for å vera det beste ~~for lauvet~~ for lauvet.

10.

Almetrea er det ikkje att noko serleg av her i grendom. I borkebrødstida gjekk det så hardt ut over almen at han no mest ikkje er å finna.

11 og 12 + 13, 14 og 15.

Samlauving har aldri vore bruka her. Ein har i allefall aldri høyrd gjete ei slik ordning.

B

1.

Lauvet som ein raka saman på bakken vart kalla "råsså-løv"

2.

Ein raka saman det lauv som var for handa.

3.

Til arbeidet bruka ein vanleg rive, men ein grov det ikkje ihop med bare hendene. Når ein hadde fått til ein høveleg haug rota ein lauvet i sekken med hendene. Elles var det riva ein bruka til sjølve rakinga. Arbeidet vart kalla "å rakkå løv"

4.

Ein bar lauvet heim i sekker.

5.

Arbeidet vart gjort både av karar, kvinnfolk og bonn - alt etter som ein hadde tid til det.

6.

Dette lauvet vart lagra i ein bås eller bingje i uthuset og bruka ikkje til for, men til strø.


7. 8. og 9.

Råssåløv har aldri vore bruka som før. Naudfor har i det heile vore lite bruka her i grenda takk vera dei store og gode markaslåttane som grenda har rådd over.

Gardane her i grenda hadde fra 10 - 20 markaslåttlør som kvar haust var godt sette med markahøy. Difor var ikkje lauvinga så sterkt utbreidd sjøl i eldre tider. Det heldt seg lengst i husmannsplassane. Mange av dei har lauva til ned imot vår eiga tid. Men no er det fleire år sidan det vart lauva her i grenda. Den siste som tok lauv her i grenda var gamle Guri Brenna. Ho døydde eit av dei ~~første~~ første krigsåra. Ein må attende til 1870 - 80-åra for å finna lauvinga som teljande faktor i årsforinga. Da kom ein snunad på så mange omkverve i jordbruket og gjorde med kvart mykje av det gamle avlegs og alt for tungvint.

J. Haukdal

Lauvsigden som var laga av gammel, utslipa ljà
såg slik ut:



- a) Avbroten ljà.
- b) feste av tåg (tunn rot av bjørk e.l.)
- c) skaft av bjørk.

Jens Haukdal.